



I svingane mellom Langgot og Herøysund skjer det mange ulukker. Denne skjedde hausten 2005. (Foto: Kvinnheringen)

**I perioden frå januar 1990 til desember 2005 var 237 personer involvert i 122 trafikkulukker på riksveg 48 gjennom Kvinnherad og Uskedalen og Herøysund var dei mest ulukkesutsette stadene.**

Det var 17 ulukker i kvar av dei i desse 15 åra. 10 av dei 237 involverte døydde, fem vart svært alvorleg skadde, 41 alvorleg skadde og 106 lettara skadde, melder Kvinnheringen. 71 kom frå ulukkene utan fysisk skade.

Lundssvingane mellom Dimmelsvik og Seimsfoss er no den skumlaste delen av riksveg 48 seier lensmann Jan L. Fosse.

Fleire køyrety har enda utfor vegen eller kollidert mellom Husnes og Herøysund, men dette er ikkje no den farlegaste strekning på riksvegen.

Statistikken for dei to siste åra er ikkje lagt inn.